

Førde, 23.10.14

### **Rapport frå førebyggjande undervisning for 6.klasse**

Smiso SF har ved øyremerkta midlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune gitt tilbud til og gjennomført undervisning i grunnskulane i Sogn og Fjordane på 6.trinnet. For 2014 hadde vi som mål å vere innom alle kommunane som gjev stønad til Smiso SF, altså 25 kommunar. Pr i dag har vi vore innom/har avtale med 23 kommunar, dei 2 uteståande kommunane satsar vi å nå før årets slutt. Vi er godt nøgd med dette. Vi har undervist på 38 skular, og nådd ut til 705 elevar i 2014.

#### **Intensjonen med undervisninga har vore:**

Synleggjere problematikken, drive førebyggjande arbeid og bidra til auka livskvalitet for personer som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep. Undervisningsopplegget vi tilbyr er difor eit helsefremmande og førebyggjande tiltak innan problematikken incest og seksuelle overgrep, retta mot barn. Erfaring og forskning visar at utsette som utviklar store og djuptgåande seinskadar etter overgrep, er dei som ikkje har fortalt om overgrepa eller fått hjelp før dei er vaksne. Dei djuptgåande skadane utviklar seg spesielt i ungdomsåra. Dersom barn og unge får hjelp i tidleg alder, er det mogleg å redusere seinskadane betrakteleg.

#### **Våre mål for undervisninga er difor:**

1. Nå barn som har opplevd/lev i seksuelle overgrep slik at dei kan få hjelp til å takle eigne følelsar, samt sette ord på og bearbeide det dei har opplevd.
2. Heve kompetansenivået hos barn og lærarar generelt på dette temaet.
3. Førebyggjande i forhold til potensielle overgreparar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape gode holdningar i forhold til pubertet og utprøvande seksualitet i denne alderen.
4. Vise overgriparar at vi er i skulen og underviser om dette temaet.

#### **Innhald og tema for undervisninga:**

- Gode og vonde berøringar/gode og vonde hemmelegheiter
- Kropp, sex og private områder
- Seksuelle overgrep og incest
- Porno
- Skilsmisse, rus, vald, psykisk og fysisk sjukdom i heimen
- Trygge vaksne
- Å vere ein besteven

#### **Våre observasjonar og erfaringar så langt:**

Vi er godt nøgd med undervisninga, men ut frå erfaringar vi har gjort oss har vi gjort nokre endringar undervegs. Vi har valt å fjerne barns rettigheter, då dei stort sett har hatt om dette på skulen. I

staden har vi utvida bolken som handlar om porno. Dette med bakgrunn i at vi i alle klassar, utan unntak, fekk tilbakemeldingar frå elevar om at dei ofte fekk opp pornografiske bilde, reklame og liknande når dei er på nett. Elevane opplev dette som ubehageleg og ofte skremmande. Mange fortel og om at dei vert kontakta av vaksne personar som kjem med seksuelle tilnærmingar når dei er inne på ulike barnespele på nettet, og skremmande mange har og fått pornografiske bilete av desse personane. Elevane formidla og at dei sjeldan, eller aldri, fortalde dette til nokon trygge vaksne personar. Både vi og lærarane fekk oss ein «vekker» når vi skjønnte kor utbreidd dette var, og av denne grunn såg vi det som naudsynt å utvide bolken om porno.

Elevane har i alle klassar vi har besøkt vore aktive og deltakande. Undervisninga har vore godt mottatt både blant barn og vaksne. Mange barn har i etterkant av undervisninga ønska ein samtale med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting. I gjennomsnitt har ca 3-4 barn snakka med oss etter kvar undervisning. Sakar vi har fått del i, som har kravd vidare tiltak, har deretter blitt overført til kontaktlærar, helsesøster eller rektor. Saman har vi drøfta vidare tiltak. Det har kome fram at barn har opplevd seksuelle overgrep og ikkje fortalt dette til nokon før. Det har vore saker som har omhandla grenseoverskridande åtferd frå andre barn og unge, og frå vaksne. I tillegg kjem barn og fortel om belastning eller bekymring som dei opplev ved skilsmisse, rus, vold eller psykisk og fysisk sjukdom hos foreldre.

#### **Evaluering:**

Lærarar, rektorar og helsesøstrer som har delteke på undervisninga har fått utlevert eit evalueringsskjema frå oss. Deira tilbakemeldingar har vore veldig gode. Dei fleste lærarar vi har møtt har og uttrykt ønske om framtidig undervisning, samt presisert kor viktig dette undervisningsopplegget er. Mange skular har og bedt om og fått undervisning til lærarane om seksuelle overgrep, om teikn og symptom, korleis avdekke, kva en gjer ved mistanke og den vanskelege samtalen.

Etter undervisninga har vi og bedt klasselærarane om å få ein evaluering frå barna, dei har ikkje fått eit skjema, men har stått fritt til å skrive kommentarar om undervisninga. Denne evalueringa har vore viktig for oss, og syner at barna har fått stort utbytte av undervisninga og har lært mykje. Alle barna har gitt undervisninga svært gode tilbakemeldingar.

Vi hadde ikkje kunne gjennomført denne undervisninga utan stønad frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Vi er ikkje i tvil om at det førebyggjande arbeidet vi gjer nyttar, og håpar på vidare samarbeid framover.

Vi har samla all evaluering i permar på Smiso, desse legg vi gjerne fram for gjennomsyn om ønskeleg.

Dersom dykk ønskjer referansar frå rektorar, helsesøstrer eller lærarar kan vi formidle det.

Med vennleg helsing

Chatrine Elholm  
-dagleg leiar-

Trude Lundekvam  
-fagleg rådgjevar-